



Advokatfirmaet Vikse AS
Postboks 95
3101 TØNSBERG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4610 - 21/35535

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
27.05.2021

Løyve til seksjonering - gbnr 323/616 Frekhaug

Administrativt vedtak: Saknr: 611/21

VEDTAK:

Med heimel i §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, godkjenner Alver kommune søknad om oppdeling i 42 eigarseksjonar for sameiet «Løypetona B3-2» gnr. 323. bnr 616, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-26 og 28-42 er bustadseksjonar der seksjonar har sameigebrøkar på mellom 544/30977 og 1088/30977. Bustadseksjonane er fordelt på 5 plan. Seksjon nr 27 er næringsseksjon garasje i plan 1.

Alle bustadseksjonane har tilleggsareal B i form av utebodar fordelt på plan 1 og 2. Seksjon 27 har tilleggsareal B i form av fleire parkeringsplassar i plan 1. Altanar til den enkelte seksjon er innlemma i hovuddelen til seksjonen.

Det er ikkje uteareal på denne eigedommen, og utearealet vert difor felles med dei 2 andre blokkene på eigedommen 323/509.

Parkeringplassar vert i eigen seksjon 27. Dei som kjøper parkeringsplass vert då medeigar av denne seksjonen. Det er fastsett ordning for HC – parkering i vedtektene.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 323/616 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Lov om eigarseksjonar §§ 16 og 17.

Saka gjeld

Kommunen har motteke søknad, datert 10.05.21, om seksjonering av eigedommen gbnr 323/616 med adressene Løypetona 120-146. Samtykke til tinglysing frå WebOppgjør AS er ettersendt og mottatt 26.05.21.

På eigedommen er det gitt løyve til oppføring av terrasseblokk med til saman 42 bustadseksjonar. Det er ikkje uteareal på denne eigedommen.

Vurdering

Søknad om seksjonering er innsendt i 2 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrenser. Kommunen har laga nytt situasjonsskart i målestokk 1:500 der kartet viser adresser, men det er ikkje hensiktsmessig å viser seksjonsnummer her. Vedlegg 1 av 6.
- Planteikningar (5 vedlegg) av bustadbygget plan 1-5, der seksjonsnummera og type rom er tydeleg påskrive. Bustadseksjonane har også tilleggsareal B i form utebodar på plan 1 og 2.

Fylgjande vedlegg er i eitt eksemplar:

- Vedtekter for sameiet Løypetona B3-2, gnr. 323. bnr 616 som oppfyller minstekravet til slike vedtekter. Vedtektene har ordning for HC-plass. Vedtektene vert ikkje sendt til tinglysing av kommunen.
- Samtykke til seksjonering frå WebOppgjør AS som har tinglyst uråderett på eigedommen. (ettersendt)
- Søknaden er signert av prosjektsjef i JM Norge AS, Stian Raunehaug som har fullmakt m.a til å signera seksjonering, frå heimelshaver JM Norge AS. Innsendar er advokat Paul Vikse i advokatfirmaet Vikse AS.

Søknaden manglar ein signatur på side 2 frå innsendar. Søknad er sendt i retur for påføring av signatur. Dette skal sendast innatt til kommunen før innsending til tinglysing er mulig.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Gebyr

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 c) er gebyret for seksjonering av 42 seksjonar kr 36.140,- pluss tinglygingsgebyr kr 585,-

Regelverk

- Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/4610»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om seksjonering 323-616 -godkjent
Situasjonskart seksjonering 323-616
Plantegninger seksjonering 323-616
Fullmakt til Stian Raunehaug
Samtykke til seksjonering- Weboppgjør AS

Mottakarar:

Advokatfirmaet Vikse AS

Postboks 95

3101 TØNSBERG